

# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Ekstraordinært årsmøte 27.06.2024.

Stad: Klubbhuset i Hjalmovegen 26

Tid: Kl 20

## Sakliste

1. Setting av årsmøtet
2. Endring av idrettslagets lov
3. Val av nestleiar

### Sak 1. Setting av årsmøtet

- a. Leiar helsar velkomen
- b. Godkjenning av innkalling og sakliste.

#### Bakgrunn

Styrevedtak frå 30.05.2024 der styret vedtok å kalle inn til ekstraordinær årsmøte 27.06.2024 kl 20.

- c. Godkjenning av dei røysteføre. Lova krev minimum 5 røysteføre for at møtet er vedtaktsdyktig.
- d. Val av
  - i. Møteleiar
  - ii. Skrivar
  - iii. To til å skrive under møteboka

### Sak 2. Endring av idrettslagets lov

#### Bakgrunn

I dag har styret (hovudstyret) 5 medlemmar og ein vara, men ingen nestleiar slik lova krev. For å velje inn ein nestleiar må styret utvidast med eit medlem.

Idrettslagets lov vedteken 19.08.2021, eksisterande §16 punkt 14a

*14. gjere følgjande val:*

*a) styre med leiar, nestleiar, tre styremedlemmar og eit varamedlem, alle for to år om gangen.*

Framlegg til ny §16 punkt 14a

**14. gjere følgjande val:**

**a) styre med leiar, nestleiar, fire styremedlemmar og eit varamedlem, alle for to år om gangen.**

### Sak 3. Val av nestleiar

#### Bakgrunn

Lova krev at idrettslaget har nestleiar.